



**Historisk:** Ni hol på Tunnetjern i 1924. Det må vera Hallingdals fyrste golfbane.

# Hallingdals fyrste golfbane

«**Dei grov ned små blekboksar ved merket som ballane skulle ned i**»

Halvor Magnetun

Visste du at det var golfbane med ni hol på Golsfjellet alle-reie på 1920-talet?

**Stein Torleif Bjella**  
stb@hallingdolen.no

I Galleri Gol har det dei siste vekene hange eit interessant foto av eit gamalt postkort. Biletet er frå Tunnetjern på Golsfjellet i 1924, og viser Hallingdals fyrste golfbane på heile ni hol.

## Goffa planerte

Dei fleste har vel meint at golfbanar er eit nytt fenomen i Hallingdal. Men for 80 år sidan var det golfspel på det som blir kalla Basbergvollen, heile 950 meter over havet på Golsfjellet.

Brørne Ola (78) og Halvor (79) Magnetun hugsar godt golfbanen.

- Eg hugsar banen både før og etter krigen. Goffa brukte å slå rundt hola om somrane, forklarar Ola. Han og Halvor har funne vegen til Galleri Gol for å studere fotografiet nærare. Goffaen deira, Knut, planerte også ein tennisbane for Basberg-familien.

## God utsikt

På biletet er det ein golfspelar som Halvor og Ola meiner må vera hytteeigar Olav Basberg. Det er truleg han som fekk laga til dei ni golfhola på stølsvollen. I 1924, då fotograf K. Bråten frå Nesbyen tok postkortbiletet, var terrenget ope. I bakgrunnen ser me Storehodn og Hydnefossen i Hem-

sedal. I dag er terrenget vekse heilt att.

## På verandaen

Korkje Ola eller Halvor spelte golf på banen. Sjølv om dei støla like ved sida av.

- Me hadde nok andre ting å drive med, smiler Ola. Dei var 12 sysken i flokken. Det var hektiske dagar med barnepass, dyrestell, primkoking og slått.

- Men eg hugsar heller ikkje Basberg-familien brukte banen noko større. Det kan ikkje ha vore ofte. Golfballane og køllene stod lagra og klare på verandaen.

## Små blekboksa

Rundt golfspelaren på biletet ser me Tunnetjednstølane. I 1911 vart Skansevollen og Hølgjivollen frådelt Magnetunvollen til Aksel Damann, som Bas-



**Gamle tufter:** Brørne Ola Magnetun (78) og Halvor Magnetun (79) studerer gamle bilete frå golfbanen på Golsfjellet.

berg var i slekt med. Det kan også vera Damann som fekk bygd banen. Heilt fremst på biletet ser me eit golfmerke.

- Dei grov ned små blekbok-

sar ved merket som ballane skulle ned i, forklarar Halvor. Biletet er tatt frå Grønlivollen, like over hytta som familien Basberg framleis eig.

## Dyrare å vere dårleg betalar

Frå nyttår blir det dyrare å slurve med å betale rekningane sine. Staten vil krevje over 4.000 kroner i rettsgebyr på inkassokrav som ikkje blir betalt. Gebyret er dobla dei siste tre åra.

165 000 nordmenn har in-

kassokrav mot seg no, viser tal frå CreditInform.

Let du vere å betale ei smårekning på nokre få hundrelappar, og heller ikkje betalar etter at kravet har gått til inkasso, kan du til slutt ende opp med å

måtte betale over 7000 kroner.

Staten tek over halvparten av dette beløpet. Går rekninga til namsmannen, legg staten til eit gebyr på 4042 kroner, uansett kor stor eller lita rekninga er i utgangspunktet.

I fjor enda 178.000 ubetalte rekningar hos namsmannen, etter å ha vore innom inkassobyrå og forlikråd først.

Bankar, kredittinstitusjonar og inkassoselskap gir gratis råd viss du får betalingsproblem.

Det er ofte mogleg å kome fram til løysingar som ikkje blir så kostbare.

7 av 10 betalar rekningane sine før dei får inkassokrav i posten. (NPK)